

Høyringsfråsegn - Forslag til endring av reglane for bortvising av elevar

I høyringsdokumentet er det framlegg om at rektor skal få rett til å delegere til lærarar å bortvise ein elev for inntil ein heil dag. Fylkesmannen i Rogaland har nokre merknader til framlegget.

Etter Fylkesmannen si meining er det vanskeleg å sjå at framlegget er eigna til å styrkje læraren sin autoritet i undervisningssituasjonen. I staden risikerer ein å svekkje rettstryggleiken til eleven.

Bortvising er det mest alvorlege og inngripande refsingstiltaket skolen kan nytte mot elevar, og det einaste som er regulert i opplæringslova, jf. § 2-10. Det er derfor særskild viktig at ein tek vare på grunnleggjande rettstryggleik i desse situasjonane. Etter gjeldande rett er det eit krav at rektor skal ha "rådført seg med lærarane til eleven" før det vert fatta vedtak om bortvising. Slik Fylkesmannen ser det, er det uheldig at eit slikt krav til å rådføre seg med andre vert teke bort i det nye forslaget. Særleg viktig er dette sidan reglane i forvaltningslova om enkeltvedtak gjeld ved bortvising. Med andre ord vert det stilt strenge krav til saksbehandlinga i desse sakene. Dersom ein lærar ikkje er godt kjend med reglane i forvaltningslova og gjer ein feil, vil dette i neste omgang kunne undergrave autoriteten i staden for å styrkje han.

Vidare er det viktig å sikre at skulen har ein einskapleg praksis når ein nyttar refsingstiltak. Etter Fylkesmannen si vurdering er det fare for at dette ikkje vert sikra godt nok dersom retten til bortvising vert lagt til andre enn rektor eller dei næraste leiarane under. I og med at fungerande rektor er tillagd rett til bortvising, skulle det heller ikkje vere behov for å leggje denne mynden til andre i akutte høve.

Fylkesmannen viser også til at bortvising av ein elev for ein heil dag ofte vil kunne få verknad for andre lærarar si undervisning og planlegging, ved at eleven er borte frå desse timane. Det tala for at ei avgjerd om å bortvise for meir enn ein time, bør lyftast opp til skoleleiinga sitt nivå.

Ei styrking av lærarautoriteten i klasserommet er etter Fylkesmannen si vurdering eit så komplisert og omfattande tema at det bør greiast ut på breiare grunnlag og med fleire tiltak vurdert i samanheng.

Fylkesmannen i Rogaland